



Lena Skår Bernssen/Håvard Brekklus Bernssen
Mjåtveitmarka 42a
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4072 - 14/17293

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
11.11.2014

Godkjenning - dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveitmarka - mellombels bruksløyve for gbnr 22/229, snr 3, 12, 17, 28 og 31.

Administrativt vedtak. Saknr: 324/2014

Saksutgreiing:

Eigarar av gbnr 22/229 - snr 3, 12, 17, 28 og 31 - har i skriv d. 02.11.2014 søkt om fornya dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveitmarka for mellombels bruksløyve for nemnde eigedomar.

Meland kommune ga i DNT.sak 395/13, d. 10.10.2013, mellombels dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan Mjåtveitmarka for bruksløyve for gbnr 22/229. I bruksløyvet var det sett frist til 31.12.2013 for krav om ferdigattest.

Vurdering:

Omsøkt dispensasjon frå rekkefølgjekrav knytt til reguleringsplan for Mjåtveitmarka gjeld kryssløysing frå hovudveg ,Fv 564 og inn i Mjåtveitmarka. Rekkefølgjekrava følgjer av reguleringsføresegnene pkt 1.2.2, som m.a. stiller krav om at vegkryss skal vere ferdigstilt før innflytting. Saka om avkøyringsproblematikken ligg til handsaming hos Statens vegvesen.

Vilkåra i pbl § 19 - 2 for å gje dispensasjon vert vurdert som oppfylt for søknad om mellombels bruksløyve for gbnr 22/229 seksjon 3, 12, 17, 28 og 31.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune viser til søknad motteke 03.11.2014 om dispensasjon frå rekkefølgekrev i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka.

Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels.
2. Det vert ikkje gjeve ferdigattest før vegkryss Fv 564 og inn i Mjåtveitmarka er ferdigstilt.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

FAKTURAVEDLEGG 22-229-3

FAKTURAVEDLEGG 22-229-12

FAKTURAVEDLEGG 22-229-17

FAKTURAVEDLEGG 22-229-28

FAKTURAVEDLEGG 22-229-31

Melding om klagerett

Mottakere:

Lena Skår Bernssen/Håvard Brekklus Bernssen	Mjåtveitmarka 42a	5918	FREKHAUG
Cato Nygård Dale	Mjåtveitmarka 36	5918	FREKHAUG
	C		
Anette T. Wichstrøm/Kristoffer Danielsen	Mjåtveitmarka 38	5918	FREKHAUG
	A		
Petter Wallem	Mjåtveitmarka 40	5918	FREKHAUG
	G		
Sondre Sørskår	Mjåtveitmarka 42	5918	FREKHAUG
	D		